

## **Styremøte Silda Velforening**

Måndag 23. juli 2013

Til stades: Kjell Rune, Jan og Paul.

Kunne ikkje møte: Geir Kvalheim -var utanlands på ferie.

## **Sak 6/13 Evaluering av fellesaktivitetar 2013**

### **Familierebusløpet**

Nye reglar vart gjennomført: «kvart lag kan ha max 4 vaksne (over 16) + barn)

Godt ver, overskya men ikkje regn.

Deltakarar: 7 lag med ca. 40 deltagarar.

Erfaringar: Frammøte kl 15. Registrering og start kl 15.30

Vi tok ikkje påmeldingsavgift, (bør vurderast til seinare år)

Litt betre annonsering med skikkeleg oppslag på stolpane, med beskjed om og påmeldingavgift el. gratis??

Laga vart sende ut med 6-7 minutt mellomrom

Det siste laget kom inn etter 2 timer (men eit lag mangla, hadde hoppa av)

Det bør settast tidspunkt for premieutdeling.

Kanskje bør ein vurdere ei litt lengre løype for 2014??

Premiering: Hovudpreime: Eit gavekort på Skjærbuda på 500 kr, delvis sponsa av Skjærbuda.

2. premie ein stor Twistpakke

3. premie ein Godtepose på deling

### **Grillfesten**

Førebuing: Det var gode verutsikter for dagen. Kjell Rune, Jan og Paul bar opp alle treborda /trebankane frå skulen.

Grillar vart kveikt opp 3/4 før start kl 15. - Ein storsekk i kvar grill.

Deltakarar: Mellom 80/100 personar med smått og stort

Gjennomf.: Veret klarna opp og sola kom fram kl 15.30

God stemning og fleire bord måtte berast ut

Hesteskokasting kl 16.30 (Deltakingsavgifte kr 20 pr 4 skor)

Premie: Barn: Is til alle

Vaksne: 1.pr. Vinflaske

2.pr flisteppe

Kommentar : Fleire etterlyste den tradisjonell utloddninga til dekning av utgifter.

Styret hadde vurdert at dei ikkje ønskte pengemas, så nært storbasaren.

Etterarbeid: Festen vart kl 18 avslutta med fellesinnsats. Alle bord var slått saman og transportert til bomberommet saman med benkane.

Etter avtale med Grendahuset var det Velforeinga sitt ansvar å rydde gymsalen.

Bord og stolar vart stabla saman langs veggen og golvet vart svabra.

Trapper og gangar var turka over.

Kjell Rune og Jan køyrde attståande brus og is i retur til Skjærbuda.

Grillan vart dagen etter tømde og sett inn under leskuret

Erfaring: Brussalet gjekk tregt, 15 flasker.

Issalet var heller ikkje stort ca. 20, i tillegg is til premiar og utdeling til ungane.

### **Konklusjon:**

Styret må neste år vurdere om det skal gjennomførast familierebusløp i 2014

Om det skal innførast deltaravgift på rebusløpet

Om det skal gjennomførast utloddning på Grillfesten.

Om det skal gjennomførast sal av brus og is.

Kol og tenn-veske som vart innkjøpt i 2013 vert sett på lager til 2014. Kolet som var innkjøpt i 2013 var nok til bruk i 2013.

### **Sak 7/13 Dugnadsarbeid**

I den veka det var planlagd dugnad var veret svært elendig. Styremedlemene Kjell Rune og Paul har gjennomført litt vedlikehald på planteksten/hekken på skulen. Plenslått på skulen. Kjell Rune har rydda det meste av stien rundt Jonshaugen.

Det vart drøfta litt om betre organisering for seinare år.

Korleis få igang fellesarbeid?

Kva bør satsast på?

Det nærmar seg slutten på ferien og det vil verte vanskeleg med stort arbeid.

#### **Semje:**

Det er for seint å organisere dugnadar no siste veka i juli. Vi i styret får prøve å gjere noko for å få lagt ut not på «gangbruene» i Nordsilda. Torsdag 26. kl 17.

### **Sak 8/13 Planlegging merking av stiane, plassering benkar**

Stien rund Jonshaugen er rydda av Kjell Rune.

Her må det til ei mindre omlegging i samband med hyttebygging, som er planlagd på Nordsilda.

Kjell Rune og Paul går opp begge stiane og gjer framlegg til høvelege plassar for benkeplassering.

#### **Semje:**

Paul lagar skiltplan og teiknar inn på kart. Tal skilt og type tekst må inn i planen.

Markering med stadnamn må vurderast.

Planen vert oversendt til styremedlemene og til lokalbuande på Silda for kontroll.

### **Sak 9/13 Samarbeid Velforeininga og Grendahuset.**

Hans Fure møtte som representant for Grendahuset.

Vi drøfta div fellestiltak og orienterte om Velforeininga sine tiltak:

Merking av stiar på Silda med benkar. Løyving frå Gjennsidigefondet

Skaterampe plassering – løyving motteke– plassering på planleggast. Skuleplassen lite eigna??.

#### **Semje:**

1. «Gutetoalettet» kan brukast til lager for telt, slårteutstyr og bensin. Silda velforeining får nøklar til rommet. Hans F. får slipt nøklar, Kjell Rune finn høveleg lagerplass.
2. Silda Velforening og Grendahuset vil saman finne ei løysing for å fjerne graset på plassen. Bruk av gravmaskin vart drøfte. Kjell Rune og Ole får finne løysing i samband med andre graveoppdrag på øya. Kostnad kan delast mellom Grendahuset og Velforeininga
3. Det må nok skaffast meir grus til plassen. Det må undersøkast ein rimeleg måte til å få grus til øya i samarbeid Silda Velforeining/Grendahuset.
4. Silda grendahuset vil vurdere om Silda velforeining kan få nytte «lærarrommet» til felles teknisk utstyr, plakatmateriale, printer og plastingsutstyr.
5. Etter oppmoding frå Silda velforeining vil Grendahuset vurdere framtidig samarbeid. Dette er sak som må drøftast i generalforsamlinga til Silda velforeining 2014 og i årsmøtet til Grendahuset..
6. Silda grendahus har bestemt at Silda velforeining ikkje skal betale leige for bruk av grendahuset, til generalforsamling og fellestiltak som grillfesten.

Paul Sundnes  
sekretær